

# ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2018 - PÅSKA 2019

## Det store «Pøbel-gran-året»

Medlemstalet ved årsskiftet var 61+1 medlemmar.

Økonomien i foreininga er tilfredstillande. Ved årsskiftet hadde foreinga 57.702 kr på konto. Silda Velforening mottok grasrotandelar frå Norsk Tipping, for 2018 på totalt ~~13.635~~ kr

Styret:

Leiar –	Tore Johansen
Sekretær –	Paul Sundnes
Kasserar-	Unni Silden Hennøen
Styremedlem:	Gerda Silden Totland
	Leif Magne Wiik
1. vara:	Jarl-Magne Silden
2. vara:	Kari Sølvberg Silden

Styret har hatt to innkalla styremøte i funksjonsåret, og eit på telefon/e-post  
Referat frå styremøtet kan lesast på [www.silda.com/velforening/](http://www.silda.com/velforening/)

## Aktivitetar av Silda Velforening i 2018

### 1. Dugnad.

Sommaren 2018 vart det ikkje gjennomført felles annonsert dugnadar. Mange har likevel gjort innsats for å pynte opp øya vår, både i stiane, langs vegane, ved skulen og bedehuset.

Utplanting av sommarblomster vart gjennomført, av fleire, koordinert av Paul S.. Det vart litt problem med tilsyn og vatning (i det fine sommarveret) Nokre få tok ansvar slik at plantene overlevde. Spørsmål til årsmøtet: Bør SiVe slutte med utplanting av sommarblomster???. Korleis organisere tilsyn??

Stien over Jonshaugen vart lagt om , av og i samarbeid med grunneigarane, men der manglar skiltinga (skilt er på lager).

Elles vart dei store dugnadane gjennomført i samband med granfelling, ein innsats som viser godt att frå sjøen. Utsikta til sjøen er no tilbake for dei fleste.  
Granfellinga vart gjennomført etter initiativ frå Unge Botakikeres forening, i nært samarbeid med folk på Silda. Her er det **fleire** som burde fått ei stor takk.

### 2. Informasjonstavle på Silda

Sekretæren har ikkje gjort framstøyt for å få utarbeidd karttavle med informasjon.

(Før slutttilskot frå Gjensidigefondet kan krevjast inn må stiane vere ferdig med informasjonstavle. Sidan Vågsøy kommune tydelegvis har lagt bort arbeidet med ny arealplan kan det sjå ut til at Silda Velforening må ta kostnaden med å få oppdatert kartet over Silda.)

### 4. Renovasjon på Silda

Normil bygde i 2017 søppelrom på kaia. SiVe etterlyste i sept. 2018 kjeldesortering, glassiglo til flasker og metall.

NoMIL opplyser at dei har fjerna alle slike i heile distriktet og levert ut innsamlingsboksar til kvar enkelt husstand. NOMIL bed SiVe å informere sine medlemmar om at det er misbruk av dunkene til bygningsrestar el. utstyr og anna. Dette skal leverast på gjenvinningsstasjonar på land.  
Svar frå NOMIL motteke 25.09. Dei skriv mellom anna:

*«NOMIL har auka kapasiteten til 4 restavfalldunkar, som skal tømast 4 gongar pr mnd, som utgjær 350 l pr abonnement. ---Glassigloane er fjerna og husstandane har fått eigne*

*innsamlingsbokser for glass--- Vi bed om at Sida Velforening oppmodar om at bygningsavfall ikkje skal leverast i restavfallet.»*

## 5. Grillsamling

Grillkol og premiar vart kjøpt inn i 2016, men vart ikkje brukt korkje i 2017 eller 18. Er dette eit arrangement som bør kuttast?

## 6. Søndagsruter.

Ein resolusjon frå årsmøtet 31. mars 2018, var samrøystes vedteken og sendt til Fylket.

I ettertid viste det seg at vedtaket var gjort med manglande faktakunnskap. Øyglimt /Idar Silden sende informasjon til styret om grunnlaget. Øyglimt køyrer ruta til Silda etter avtale med Fjord1. Alle variable høgtids og helgedagar har ikkje rute etter rutetabellen. Øyglimt har køyrt morgonruta på signal og brukt innsparte turar på helgedagar i staden.

## 7. Beiteforsøk på Silda

November 2018 fekk styreformannen ein søknad frå oppsittarar og interessentar om tilskot til eit beiteforsøk med Boageiter på Silda. Styret (utan Unni Silden Hennøen som var innhabil) gjekk inn for å støtte forsøket.

## 8. Drift av Silda velforeining

I 2018 var det vanskeleg å få etablert eit styre. Valnemndsarbeidet har vore vanskeleg over år. Det har vore vanskeleg å få folk til å stille til styret. Styret har siste åra fungert som valnemnd. All aktivitet vert forventast administrert av styret. Her må det til arbeidsfordeling – komitear e.l. Korleis organisere??

- SiVe vart starta for å få til rutetrafikk med båt, og frikjøp av turar. No har Fjord1 fått rutene i Vågsøy, og leiger Øyglimt A/S til oppdraget.
- I Kinn kommune vil det bli mange øyar som treng ruter. Er saka løyst??
- Renovasjon er organisert men ikkje som tvungen ordning, slik SiVe har bedt om, for å sikre båtrute til øya. Er saka løyst?
- Arealplanarbeidet for Silda har stoppa opp. Korleis øyparadiset skal utviklast står på vent?
- Stiar og utsiktsplassar er organisert, og er snar fullført.

## 9. Val

På val i 2019:  
for 2 år

Paul Sundnes	( stiller ikkje til val)
Ølli Silden Hennøen	(kan ta attval som kasserar)
Tore Johansen	(kan ta attval)

Ikkje på val: Gerda Silden Totlan  
i 2019 Leif Magne Wiik

To varamedlemar:  
for 1 år

Jarl- Magne (kan ta attval)
Kari Sølberg Silde

## 10. Vedtektsendring

### §2 MEDLEMMER

Styret forslår å fjerne pasus om utestenging:

«Styret kan inntil påfølgende årsmøte, avvise personer som ønsker å bli medlemmer, dersom man mener personen eller gruppen av personer vil motarbeide foreningens formålsparagraf. Styret plikter da å framlegge forholdet for første årsmøte som fatter endelig vedtak.»